

Ordning for hovudgudsteneste – lokal grunnordning

STEDJE SOKN, SOGN PROSTI

Ferdighandsama i gudstenesteutval for Stedje og førebels vedtak i Stedje sokneråd 29/08/12

Lagt fram for soknemøte 09/09/2012

Vedteken i Stedje sokneråd 27/09/2012

Godkjent av bispedømet hausten 2012

Revisjon handsama i gudstenesteutval for Stedje nov-14 til mars-15.

Førebels vedtak i Stedje sokneråd 14.04.15.

~~Lagt fram for soknemøte 23.04.15~~

~~Vedteken i Stedje sokneråd xx.xx.15~~

A Hovudgudsteneste

Ut frå strukturdøma (gudstenestepermen, side 2.25–2.26) har soknerådet vedteke følgjande (typar)

hovudgudstenester (*ei eller fleire*):

Høgmesse

Forenkla gudsteneste med nattverd

Forenkla gudsteneste utan nattverd

Med tanke på strukturar i gudstenestene, sjå vedlegg side 16.

B Gangen i gudstenesta

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Ledd 1 Førebuing:

- **Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å tenna lys, sitja stille i ettertanke og bøn. Dei som førebur gudstenesta skal gjera sitt til at rommet er prega av ro dei siste 15 minuttane før gudstenesta tek til. Lysglobe og bønekrukke til skriftlege bønner er sett fram.**
- **Ved kveldsgudstenester kan det vere levande instrumentalmusikk i denne tida.**
- **Klokkene ringer i tre minutt.**
- **Før dei avsluttande tre slaga er det informasjon ved ein medliturg om gudstenesta i dag.**
 - Hovudliturg har ansvar for at informasjonen er førebudd etter ein fast mal.
 - Informasjonen blir avslutta med: "Lat oss vera stille for Gud."

Medliturgen som har informasjonen vert ståande.
- **Kort stille.**
- **Tre klokkeslag.**

Plassering av syndsvedkjenninga:

- **Syndsvdkjenninga kjem etter samlingsbøn, før Kyrie.**

Plassering av dåpen i hovudgudstenesta:

- **Dåpen er plassert mellom del I: Samling og del II: Ordet.**

Ledd 8 Dagens bøn:

- **Dagens bøn kan nyttast som samlingsbøn på høgtidsdagar, og vert ikkje på andre dagar uteleiten. Det er elles opp til predikanten å nytta dagens bøn i samband med preika.**

Ledd 16 Kunngjeringar:

- **Informasjon om dagens gudsteneste er plassert i del I, Samling, etter at klokkene har kalla saman. Med dette meiner vi: Søndagens namn og kyrkjeårsfarge; tema for dagen; gangen i gudstenesta; namn på dåpsborn; deltaking av særskild inviterte grupper.**
- **Andre kunngjeringar kjem etter truvedkjenninga, før forbøna. Med dette meiner vi: Takkofferføremål; forbønsynskje; helsingar; informasjon om eventuell bønemandring, nattverd og kyrkjekaffi.**

Om salmar:

- **Til vanleg skal det vera fem salmar.**
- **Det kan vera færre under forenkla gudstenester, men minst fire salmar.**
- **På gudstenester der det ikkje er dåp, bør det vera ein salme etter andre tekstlesing, før evangelieprosesjonen.**

Om leddet «Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande»:

- **Vi bed for dei sørgande i kvar gudsteneste, og minnest dei døde i samband med helgemesse.**

Plassering av takkoffer frå kyrkjelyden:

- **Til vanleg vert takkofferet teke opp i benkene rett etter forbøna. Takkofferet kan takast opp medan salme før nattverden vert sunge.**

Under ledd 20 Takkseiing og bøn

Mysteriet i trua er stort:

- **Til vanleg vert dette leddet ikkje nytta.**

Under ledd 21 Nattverdsmåltidet

Til vanleg vert det nytta enkel fredshelsing under innleiing til nattverdsmåltidet.

«Kom, for alt er ferdig»

- Vert sagt etter ”Du Guds Lam”

C Dei enkelte ledda

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Ledd 4 Samlingsbøn:

- Vi nyttar bøn nr 2 og 3. Nr 10 vert nytta når det har skjedd ulukker eller katastrofer.
- I forenkla gudstenester vert nr 5 og 7 nytta

Ledd 5 Syndsvedkjenning:

Vi nyttar til vanleg vedkjenning nr 1 og 6. I forenkla gudsteneste kan nr. 3 nyttast.

Ledd 6 Bønerop Kyrie:

- Til vanleg vert Kyrie frå 1977-liturgien nytta.

Ledd 7 Lovsong Gloria:

- Til vanleg vert Gloria frå 1977-liturgien nytta.

Ledd 12 Evangelium:

- Det vert til vanleg nytta evangelieprosesjon samstundes som kyrkjelyden syng eit Halleluja-omkvad eller eit høveleg salmevers.

Ledd 14 Truvedkjenning Credo:

- Vi nyttar Apostolicum. På høgtidsdagar nyttar vi Nicenum.

Ledd 17 Forbøn:

- Forbøna tek til med ei kort ferdigformulert innleiing.
- Vi vil nytta lokalt utforma forbøner og ferdig formulerte utgåver. Som kyrkjelydssvar til forbøna brukar vi både bønosalmar og andre kyrkjelydssvar.
- Liturg har hovudansvaret for å førebu forbøna, men bør legge vinn på at dette skjer i samarbeid med andre.
- Desse forbønsformene vil bli nytta: Bønevandringar, bønekrukke, medliturgar som nyttar lysgloben, lystenning, femteiknsbøn, m.m.
- Bønevandringar bør nyttast på gudstenester som er retta mot born og ungdom, og på temagudstenester.

- **Forbøna bør til vanleg verte leia av medliturgar.**
- **Ei bønekrukke som står på fast stad i kyrkja, bør takast i bruk.**

Ledd 20 Takkseiing og bøn

Vår Far:

- **Vår Far vert som hovedregel lest.**

Ledd 22 Avslutninga på måltidet:

Takkebøn:

Ei av følgjande takkebøner vert nytta etter nattverden:

- **”Himmelske Far, vi takkar deg for gåva du gjev oss i nattverden. Lat vinen og brødet verta til velsigning for oss og våre medmenneske.”**
- **”Himmelske Far, takk for dine velsigna gåver. Vi bed deg at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.”**

Ledd 24 Velsigning:

- **Den aronittiske velsigninga vert nytta. Ein nyttar melodi frå 1977-liturgien.**

Ledd 25 Utsending:

Utsendingsorda skal seiast av liturg etter postludiet.

Dersom det er utgongsprosesjon, vert utsendingsorda sagt før postludium.

D Kyrkjelyden si deltaking i svar og bøner

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Amen etter inngangsordet (ledd 3):

- **Dette vert ikkje nytta til vanleg.**

Respons etter tekstlesingane: Gud vera lova (ledd 9–12):

- **Dette vert ikkje nytta til vanleg.**

Den avsluttande delen av bønene for takkoffer, ledd 18 og 19:

- **Dette vert ikkje nytta til vanleg.**

Den avsluttande delen av tilseiingsordet etter utdelinga, ledd 21:

- Vert sagt av alle.

E Nattverd

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Vin og brød:

- I nattverden vert det nytta raud, avalkoholisert vin og glutenfrie oblatar.

Utdelingsmåte:

- Normalordninga er utdeling fremst i midtgangen, med bruk av særkalkar. Intinksjon kan nyttast ved spesielle høve.
- Nattverdsgjestene kan knele ved alterringen etter å ha motteke brød og vin.
- Ved kveldsgudstenester og særskilte høve kan gudstenestegruppa ta avgjerd om nattverd med knefall.

Bruk av Nattverdsordning for særlege høve:

- Denne ordninga vil bli brukt ved hovudgudsteneste som er særleg tilrettelagt for born og unge, og ved temagudstenester.

F Dåp

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Medverknad frå dåpsfamilien eller andre medliturgar under dåpen:

- Til vanleg deltek nokon frå dåpsfølgjel som medliturgar under dåpen.

Bruk av dåpslys:

- Eit fast dåpslys vert alltid tent når det er dåp i gudstenesta.
- I tillegg vert det tent eitt dåpslys for dåpsbarn/dåpskandidat. Etter at desse er tende står dei i stake ved sidan av døypefonten. Desse lysa er ei gåve frå kyrkjelyden til dåpsborna/dåpskandidatane, og dei får det med seg etter gudstenesta.

Det fulle namnet til dåpsbarnet/dåpskandidaten skal nemnast under innleiande informasjon.

Til vanleg er det dåp i hovudgudstenesta to gonger i månaden.

Det kan vera opptil fem dåpsborn/dåpskandidatar i ei gudsteneste.

G Liturgisk musikk

Soknerådet har gjort vedtak om musikk til desse ledda:

Bønerop Kyrie:

- **Til vanleg vert Kyrie frå 1977-liturgien nytta.**

Lovsong Gloria:

- **Til vanleg vert Gloria frå 1977-liturgien nytta.**

Halleluja:

- **Dette leddet bør variere i høve til gudstenesta sitt preg. Som hovudregel vil ein variere mellom 977.4, 977.5 og 977.6 frå salmeboka.**

Truvedkjenning Credo:

- Truvedkjenninga vert til vanleg framsagt, men kan syngjast.

Kyrkjelydssvar (forbøn):

- Forbøna tek til med ei kort ferdigformulert innleiing.
- Vi vil nytta lokalt utforma forbøner og ferdig formulerte utgåver.
- Kyrkjelydssvaret vil vere eit ledd som varierer i høve til gudstenesta sitt preg. Vi nyttar både bønosalmar og andre kyrkjelydssvar.
- Desse forbønsformene vil bli nytta: Bønevandringar, bønekrukke, medliturgar som nyttar lysgloben, lystenning, femteiknsbøn, m.m.
- Vi ber for sørgjande kvar hovudgudsteneste og minnest dei døde i samband med helgemessesøndag.

Prefasjonsdialogen:

- **Innleiing til nattverd [*Herren vere med dykk..*] følgjer 1977-liturgien.**
- **Sanctus [*Heilag, heilag..*]: Leddet frå 1977-liturgien eller Peter Sandwall sitt.**
- **Agnus Dei [*Du Guds lam..*]: Leddet frå 1977-liturgien eller Peter Sandwall sitt.**

Herrens bøn:

Bøna vert til vanleg lest, men kan syngjast

H Medliturgar

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Generelt om bruk av medliturgar og andre som hjelper til:

I Stedje sokn har vi allereie ei ordning med bruk av medliturgar, både born, ungdom og vaksne, og det er eit mål å arbeide for å få fleire med og at medverknaden til medliturgane kan utvidast.

Plan for korleis medverknaden til medliturgane kan utvidast:

Soknerådet vil i samarbeid med dei løna medarbeidarane i kyrkja arbeide ut ein plan for korleis medverknaden til medliturgane kan utvidast

Retningsliner for klede til medliturgane (sivile eller liturgiske klede):

I hovudsak vil medliturgane nytta sivile klede

I Rørsler og handlingar

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Kyrkjelyden sit under tekstlesingane, og står under evangelielesinga.

Inngangs- og utgangsprosesjon:

- Når det er inngongsprosesjon, skal kyrkjelyden stå under inngongssalmen.
- Gruppa som førebur den einskilde gudstenesta tek stilling til om og korleis inngangs- og utgangsprosesjon skal gjennomførast.

Evangelieprosesjon:

- Evangelielesinga vert til vanleg innleia med evangelieprosesjon, med mindre dramatisering av bibelteksten eller liknande gjer det naturleg å utelate prosesjon.

Søndagsskuleprosesjon:

- Dei søndagane søndagsskulen ikkje er med på heile gudstenesta, går dei i prosesjon til samlinga si vanlegvis under andre salmen

Korleis ofring skal skje:

- Til vanleg vert takkofferet teke opp i benkene.
- Dersom det ikkje er nattverd, eller det er mange born og unge tilstades, kan ein ta opp offeret rundt alteret.
- Dersom det er bønnevandring kan takkoffer vere ein av fleire stasjonar.

Høve til lystenning:

- **Til vanleg skal det vera lagt til rette for at kyrkjelyden kan tenna lys, i hovudsak ved bruk av lysglobe.**

Frambering av brød og vin:

- **Dersom det er prosesjon, vert disk og kalk borne inn når gudstenesta tek til.**
- **Dersom det ikkje er prosesjon, står disk og kalk på eit godt synleg sidebord, og vert borne til alteret under salme før nattverden.**

J Praktiske forhold og tilrettelegging

- **Det er framsett rullestolrampe og lydanlegget har teleslynge.**
- **Fotografering, lyd- og filmopptak skal skje med diskresjon, ikkje verka forstyrrende og vera avtala på førehand. Ingen fotografering under nattverdsmåltidet.**
- **I våpenhuset bør det hengjast oppslag med informasjon om samlingar og aktivitetar i kyrkjelyden for påfølgjande veker på høveleg stad/tavle.**

K Retningsliner for årsplanen

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

1) Kor ofte ein skal feira dei ulike typane hovudgudstenester i kyrkjelyden, og i dei ulike kyrkjene dersom det er fleire:

- **Høgmesse vert feira dei fleste søndagar kl 11**
- **I nokre av gudstenestene med dåp og /eller i gudstenester knytt opp til trusopplæringsplanen og konfirmasjonplanen vil vi nytta forenkla gudsteneste både med og utan nattverd**

2) Korleis trusopplæringa i kyrkjelyden skal integrerast i gudstenestefeiringa:

Mange TOL-tiltak inkluderer gudstenestefeiring. Det vert arbeidd mykje med å skape tryggleik i samlingar som er førbuande til gudstenesta og møtet med kyrkjelyden. Borna må få tid til undring og arbeid med tema, og dei må få verte fortrulege med oppgåvene som dei skal delta med. Dei må få god tid til å øve på førehand, slik at det bidreg til opplevd meining og meistring. Oppgåvene må fordelast godt og tilpassast den einskilde. Vi ynskjer at born og unge skal vere synlege i gudstenesta, og sjølve få erfare at dei har sin naturlege plass i kyrkjelyden. Derfor vil dei bli invitert til å vere aktive deltakarar og medliturgar. Dersom det er born til

stades på gudstenester som ikkje er knytt til særlege trusopplæringstiltak, bør det leggjast vinn på at dei vert ynskt velkomen av kyrkjevert, og får utdelt salmebok og eventuelt program, samt eit søndagsskuleblad.

3) Korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til planane til kyrkjelyden for diakoni :

Det diakonale perspektivet skal gjennomsyre det gudstenestelege livet og bli gjort synleg og forståeleg for alle. Kyrkjelyden har utarbeidd ein plan for det diakonale arbeidet: Planen har fokus på nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. I gudstenestelivet kjem dette til uttrykk gjennom forkynning, forbøn, takkoffer og nattverd. Kyrkjevert funksjonen legg m.a vekt på tilrettelegging og inkludering, der alle er velkomen. Kyrkjekaffi er eit uttrykk for ein forlenging av gudstenestefellesskapet som ber oss inn i det daglege livet. Diakonitenesta sin bru -byggarfunksjon mellom kyrkje og samfunn, vil bli vektlagd i det gudstenestelege livet.

4) Korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til planane til kyrkjelyden for misjon?

I det gudstenestelege livet er det samheng mellom misjon, forkynning og diakoni. Misjonsperspektivet er viktig for det kyrkjelege fellesskapet, som eit uttrykk for dynamikken mellom forkynning, tru og sending. Misjonsoppdraget har eit teologisk grunnlag som vert synleggjort i gudstenestelivet gjennom forkynninga, forbøn, ofring og aktivitet i misjonsforeiningar. Stedje kyrkjelyd har misjonsavtale med Den Norske Israelmisjon, gjennom SMM i Bjørgvin bispedøme. Kyrkjelyden vil/kan vurderer å laga ein heilskapsplan for misjonsarbeid, som inkluderer trusopplæring og diakoni.

5) Korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til planane til kyrkjelyden for kyrkjemusikk?

Stedje sokneråd vi i samarbeid med kyrkjemusikalsk ansvarleg ta initiativ for å få utarbeid ein plan for det kyrkjemusikalske arbeid

Temagudstenester:

- Hausttakkefest
- Gudstenester retta mot ungdom
- Diakoniens dag

STEDJE SOKN Struktur for hovudgudstenesta(-ne) i kyrkjelyden

<u>HØGMESSE</u>	<u>FORENKLA GUDST. M/NATTVERD</u>	<u>FORENKLA GUDST. U/NATTVERD</u>
SAMLING	SAMLING	SAMLING
Førebuing	Førebuing	Førebuing
Inngangssalme	Inngangssalme	Inngangssalme
Inngangsord	Inngangsord	Inngangsord
Samlingsbøn (Dagens bøn på høgtidsdagar)	Samlingsbøn	Samlingsbøn
Synsvedkjenning	Synsvedkjenning	Synsvedkjenning
Bønerop Kyrie	Bønerop Kyrie	Bønerop Kyrie
Lovsong Gloria	Lovsong Gloria	Lovsong Gloria
ORDET	ORDET	ORDET
Første lesinga	Ein av dagens tekstar frå GT eller NT kan lesast	Ein av dagens tekstar frå GT eller NT kan lesast
Salme		
Andre lesinga		
Salme (dersom det ikkje er dåp)	Salme (dersom det ikkje er dåp)	Salme (dersom det ikkje er dåp)
Evangeliet (omramma av halleluja-omkvede)	Evangeliet (omramma av halleluja-omkvede)	Evangeliet (omramma av halleluja-omkvede)
Preike	Preike	Preike
Truvedkjenninga	Truvedkjenninga	Truvedkjenninga
Salme	Salme	Salme
<i>Kunngjeringar</i>	<i>Kunngjeringar</i>	<i>Kunngjeringar</i>
FORBØN	FORBØN	FORBØN
Forbøn for kyrkja og verda	Forbøn for kyrkja og verda	Forbøn for kyrkja og verda/ bønevandring
Takkoffer	Takkoffer	Vår Far
		Takkoffer
NATTVERD	NATTVERD	
Førebuing av måltidet	Førebuing av måltidet	
Salme (evt med takkoffer)	Salme (evt med takkoffer)	
Takkseiing og bøn	Takkseiing og bøn	
Fredshelsing	Fredshelsing	
Måltidet	Måltidet	
Avslutning av måltidet	Avslutning av måltidet	
Sending	Sending	Sending
Salme (eller som utgangssalme)	Salme (eller som utgangssalme)	Salme (eller som utgangssalme)
Velsigning og 3 x 3	Velsigning og 3 x 3	Velsigning og 3 x 3
Postludium eller utgangssalme	Postludium eller utgangssalme	Postludium eller utgangssalme
Utending og fredshelsing	Utending og fredshelsing	Utending og fredshelsing